

Austrheim Sokn  
Austrheimsvegen 1258  
5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
22/148 - 45 / KTJ

Dato:  
30.05.2023

## Lokale til gjennomføring av kyrkjevalet 2023

God tysdag!

Kommunen skal vera til hjelp med lokale til gjennomføring av kyrkjevalet.

Som tidlegare vil dette vera lokale med tilknytning til «vårt» vallokale, men samstundes slik at det ikkje er felles inngang. Kommunen legg opp til to røystestader, Årås og Kaland.

- For Årås skal me ha vallokale i Austrheimhallen, med inngang gjennom hovudinngangen. De kan bruka Ungdommens Hus/ungdomsklubben til kyrkjevalet, inngang direkte inn frå baksida. Adressa er Furulyvegen 59, 5943 AUSTRHEIM
- For Kaland skal me bruka gymsalen, med inngang direkte frå dagens hovudinngang. De kan bruka den nye naturfagssalen, og den nye hovudinngangen som ligg «inne i kroken» der skulebygget heng saman med barnehagen. Adressa er Vardevegen 51, 5953 FONNES.

For førehandsrøysting på Nordliheimen har me ikkje fastsett dato, men planlegg å ta det i starten av veke 36. De kan kanskje ta det veka før?

Med helsing  
Ketil Tjore  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

Austrheim Sokn

Austrheimsvegen 1258

5943

AUSTRHEIM

